

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
I  
ROGALAND

1954

Namnet på vatnet \_\_\_\_\_

Kommune .....

Ljilvatnet  
Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## F O S T Ø L V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 8. august 1974.

Vatnet ligg i Suldal kommune, sør for Økstravatnet og Krokavatnet, og med Dyrdalsheii i vest.

Arealet er omlag 4.5 ha og h.o.h 300 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det ser ut til å vera jamt-over eit grunt vatn.

Stranda består for ein stor del av stein og fjell som går over til gjørmebotn mot djupet.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, nøkkeroser, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, myr og fjell. Det veks ein del blandingsskog av furu og bjerk.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til sjøen ved Fuglastein.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 2.5 m og fargen på vatnet sterkt gullig-brun. Dette tilseier påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.4 som er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.5 mg/l. Vatnet må såleis karakteriserast som kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna  $K_{18} = 27.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er liten.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 2 fjærmygglarver tilsvarande 20 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 1 fjærmygglarve, 1 svevemygglarve og 2 muslingar - i alt 40 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne buksvømmere, vårflugelarver, fjærmygglarver, myggpupper, linsekreps, vannkalvlarver, vannlopper, øyenstikkerlarver, sikader, mygg og maur. Ein ganske allsidig meny.

#### Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50.0 m, med planktonhov, og prøven må karakteriserast som medels rik.


#### Fisk m.v.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 31 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 1 lys-rød - resten kvite i fiskekjettet.

Vidare var der 14 hanfiskar og 16 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.


Medel fyllingsgrad 3.0.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

|                           | Alder ved vinter |     |      |      |      |
|---------------------------|------------------|-----|------|------|------|
|                           | 1år              | 2år | 3år  | 4år  | 5år  |
| Medellengde i cm          | 4.3              | 9.4 | 14.8 | 19.7 | 22.5 |
| Årelg lengdetilvekst i cm | 4.3              | 5.1 | 5.4  | 4.9  | 2.8  |
| Antall fiskar             | 31               | 31  | 31   | 29   | 17   |

Medel kondisjonsfaktor = 1.19 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Fostølvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, syner fisken i Fostølvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 4 års alder, men frå denne tid går veksten noko attende. Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 25 cm. Det vil sjølvsagt finnast fiskar som er større enn dette, men der er neppe mange av desse.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som noko næringsfattig og med eit fiskebestand som stort sett tilsvarar vatnet si bæreemne.

Dei kjemiske tilhøva er ikkje ideelle, men godt brukande for aure. Botnprøvene, saman med planktonprøven, gav eit noko magert resultat men mageprøvene syner at mange arter av næringsdyra er representert.

Omfarfordelinga syner at det er småfisken som dominerar og storparten av fisken vil vera i gruppa 2½ cm.

Det er som kjent nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Fostølvatnet er noko skrint og fylgjeleg blir det lite med mineralstoff som gjennom tilsiga blir tilført vatnet. Bufferemna blir såleis svak og pH utsette for store svingningar. Dette p.g.a. den sure nedbøren vi i dag får og som nedslagsfeltet ikkje er i stand til å nøytralisere fullt ut.

Fisken vi fekk var av god kvalitet og mykje tyder på at fiskebestandet er bra avpassa til næringsforrådet.

Gytetilheva er særsl dårlege, men dei ser likevel ut til å vera gode nok for å sikre ei tilfredestillande rekruttering.

#### Praktiske tiltak.

Då det frå før av er starta opp eit grunneigarlag i området, bør Fostølvatnet inngå i dette.

Vidare må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Garnfiske må grunneigarane ha eineretten til og då berre til regulering av bestandet.

Skulle det bli stor pågang av sportsfiskarar, slik at bestandet blir for hardt skatta, kan ein retta på dette ved å setje ut noko settefisk.

I det heile er det eit lite og oversikteleg vatn, så grunneigarane kan føre fiskebestandet til det nivå dei sjølv måtte ynskje.

Fostølvatnet er eit "idyllisk" fiskevatn og vi skulle tru det var mange som ville prøve fiskelukka si nettopp her.

Stavanger 6. mai 1975

Einar Berg